

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Sør-Aurdalshallen Bagn	19.082020

Sak nr :

V 4-/-20 Handlingsprogram 2021, viktige satsingsområder for Valdres

I Regionstyrets sak 32-/-20 vedtok Regionstyret ei framdriftsplan for arbeidet:

Dato	Organ	Kva?
24.juni	RS	Vedtak om oppstart og framdriftsplan
19. august	VR	Innspel /work shop
9. september	RS	Oppsummering VR
19. oktober	RS	Vedtak høringsdokument
25. oktober – 25. november	Kommunane	Høyring
18. november	VR	Ved behov ta opp einskiltema
14. desember	RS /VR	Vedtak HP 2021

Valdresrådet inviterast til ein diskusjonen om kva arbeidsoppgåver som bør prioriterast i handlingsplan for 2021. Vedtekter, langtidsprogram, strategien for næringsutvikling og tilgjengelege ressursar skal kvart år formast i eit handlingsprogram(HP).

Bakgrunn:

I 2017 reviderte kommunane langtidsprogrammet for VNK [Avtale 2017-2027](#) (også kalla Charter), avtala har fem satsingsområde med mål og strategiar for kvart av områda. Visjon, verdigrunnlag og overordna mål vart vedteke der (sjå vedlegg).

Dei årlege handlingsprogramma skal bidra til å gjennomføre langtidsplan.

Det er inngått nye partnerskapsavtalar(mellom kommunane og fylket) med Innlandet fylkeskommune, det inneber at VNK skal bidra til at fylkeskommunen når sine overordna mål og strategiar. Fylket har vedteke at dei skal bli leiande på teknologi, industri, landbruk og reiseliv. [Innlandsstrategien](#)

Eigarane, dei seks Valdreskommunane har laga /lagar sin seks planstrategiar og alle har truleg som mål å auke eller å stabilisere innbyggartalet i Valdres.

Dei fem innsatsområda i avtalen skal alle føre fram til at vi i Valdres skal ha landets sterkaste merkevare i 2027. Merkevare for å skilje seg positivt ut både for å auke stoltheit hjå oss som bur her, tiltrekke seg tilflyttarar og turistar.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Sør-Aurdalshallen Bagn	19.082020

Parkkonseptet:

- Legg til rette for bygdeutvikling (ikkje vern)
- Styrke samarbeidet mellom offentlege og private aktørar
- Lokal forankring
- Ta vare på og verdsette lokale natur- og kulturverdiar
- Berekraftig verdiskaping
- Grunnlag for langsiktig samarbeid
- Bygger på ei avtale (charter) for perioden 2017-2027
- Bygger også på fireårige vedtekter mellom kommunar, VNK og regionstyret

I 2019 vedtok kommunane at VNK frå 2020 skal forvalte det kommunale tilskotet til Visit Valdres A/S(VV) med tilhøyrande rapportering. Avtale for 2020 er inngått med heimel i seks kommunale vedtak. Målet er å få til ein enno betre samordna innsats. VNK forvaltar òg eit tilskot til Valdres Næringshage A/S (VNH)so gjer at dei har ressursar til å hjelpe etablerarar i Valdres.

Parken har partnerskapsavtalar med VV og VNH som har ein økonomisk del og ein samhandlingsdel. I tillegg har parken partnerskapsavtalar (utan økonomi)med:
Valdresmusea A/S,
Gards- og stølsnettverket /lokalmatprodusentane,
Landbruket i Valdres,
Valdres hytteforum
Festivalnettverket

Dagleg leiar meiner at Valdres generelt samarbeider godt, og at alle partnerane bidreg til å og er medvetne om å styrke merkevara Valdres. Likevel er det slik at ein alltid må vera på leit etter å gjera ting betre og å diskutere om ein prioriterer dei rette tinga, både som sjølvstendige organisasjonar og i samhandlinga.

VNK har varemerkeavtaler med dei som brukar varemerket til Valdres, der brukarane forpliktar seg til å vera med på å styrke innhaldet i merkevara.

Handlingsprogram 2021:

Dei økonomiske rammene er i utgangspunktet faste, det blir ikkje justert for pris- og kostnadsvekst, det betyr at driftsrammene i praksis minkar. Kva satsingsområder ein vedtek vil avgjere om det er mogeleg å søkje medfinansiering frå andre /fleire.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Sør-Aurdalshallen Bagn	19.082020

Arbeidet i 2021 vil vera allereie vedtekne satsingar, men og nye innsatsar – dersom dei let seg finansiere. Endeleg prioritering gjerast av regionstyret etter høyring i kommunane. Om dei pågåande satsingane sjå [HP 2020](#)

I 2020 kom det opp framlegg om å arbeide meir for det tradisjonelle landbruket, dette etter at det vart avslutta ein vellukka ekstrainsats i 2019. Dette er det teke tak i og administrasjon vil legge fram for Regionstyret forslag til ein ekstra innsats her i 2021.

Det arbeidast med eit forprosjekt på ei bok om Valdres og identiteten vår, som grunnlag for nytt vertskapskursinnhald. Vertskapskursa har vore vellukka, men treng sårt fornying. Resultatet av forprosjektet avgjer om det blir ein innsats i 2021.

Etter vedtak i [RS sak](#) 24.juni – 20 arbeidast det i haust med eit forprosjekt på Friluftslivets ferdelsårer og korleis eit slikt prosjekt kan gjennomførast i Valdres. Valdres friluftsråd leiar arbeidet. Dette er eit nasjonal prosjekt leia av MD i samarbeid med fylkeskommunane. Arbeidet med friluftslivets ferdelsårer er eit av tiltaka i Handlingsplanen for friluftsliv som er ein oppfølging av Meld. St. 18 (2015-2016) «Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet». Prosjektet friluftslivets ferdelsårer vil gi Valdres ein god muligheit til å samle inn og kvalitetssikre data som både kommunane, reiseliv og andre parter kan nytte godt av. Dette kan gi valdreskommunane ivaretaking av viktig infrastruktur, bidra til å sikre ressursar og gi systematisert og langsiktighet i arbeidet med stier og løyper, danner grunnlag for å sikre friluftsliv i kommunal saksbehandling og bidra til å avklare interessekonfliktar.

Arbeidet med Kulturminneplaner er ferdige i 2021, og det vil vera noko rom for nye oppgåver for kulturmedarbeidaren vår. Valdresrådet vedtok i 2017 at vi skal lage ein kulturstrategi for Valdres, dette arbeidet har vorte utsett, skal det prioriterast no? Ein plan skal vise aktørar, roller, innhald og utviklingspotensiale for Valdres. Strategien kan bli eit reiskap vidare kulturarbeid og den kan hjelpe til enno tydlegare å kople kulturminneverdiane opp mot merkevara Valdres.

I temaplan for kulturminner har kommunane definert kulturminner det skal arbeidast vidare med. VNK kan stille arbeidsressursar for å jobbe med spesielle tema som Kongevegen vidare gjennom Valdres og Tungtvassruta. VNK kan bidra til at dei blir tilgjengelige for vandring og opplevingar. Temaplanane peiker på utfordringar og tiltak for å få gjennomført prosjekta. Dersom dei skal realiserast må dei definerast som eigne prosjekt med tilhøyrande arbeidsressurs- på same måte som Kongevegen over Filefjell og Stølsruta.

Valdres Natur- og Kulturpark er saman med Vefsa og Finnskogen pilot for satsinga Ung i park. Hensikta er at dei unge skal bli betre kjent med naturen og kulturen i Valdres. Mange i Valdres har mykje kunnskap, og arbeidet handlar om å forankre arbeidet i eksisterande miljø

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Sør-Aurdalshallen Bagn	19.082020

som skoler, lag og foreiningar og å legge til rette for aktiviteter. Vidare bør det knytast til arenaer der ungdomane likevel møtes, som eit regionalt ungdomsråd/ Ung i Valdres og andre interkommunale ungdoms-satsingar. Ein innsats er i gang, skal arbeidet prioriterast opp ytterlegare? Dei unge er framtida til Valdres, identitet og stoltheit over eigen region er grunnlaget for å bli gode ambassadørar for merkevara Valdres.

Frå ulike hald er det stilt spørsmål om målgruppa for innsatsen til VNK i større grad bør vera fast- og deltidsbuande, altså meir fokus på dei som er her. VV har hovudansvaret for marknadsføringa av reiselivet og turistinformasjon. VNK arbeider med innhaldet, så spørsmålet for VNK er kven lagar vi innhald for? Kven er houdmålgruppa for å auke verdiskapinga i Valdres og for å skape ei sterk merkevare?

Avtale, vedtekter, næringsstrategi og rammene ligg faste saman med langsiktig vedtekne innsatsar, det betyr det må prioriterast strengt og halde trykket på det ein ilag meiner er viktigast.

Framlegg til vedtak:

Valdresrådets innspel blir tekne med i det vidare arbeidet

Vedtak:

Vedlegg:

1. [Avtale 2017-2019](#)
2. [Vedtekter 2020-2024](#)
3. [Næringsutviklingsstrategien, Tradisjon og Innovasjon](#)
4. [Innlandsstrategien](#)
5. [HP 2020](#)
6. [Evalueringsrapport 2015](#)
7. Avtalens visjon, verdigrunnlag og mål:

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Valdresrådet	Sør-Aurdalshallen Bagn	19.082020

VISJON

Valdres skal i 2027 vera den fjellregion i Norge som har teke best tak i eiga utvikling.

VERDIGRUNNLAG

Utviklinga i Valdres skal ha: sosial, miljømessig, økonomisk og kulturell berekraft. Utviklinga skal vera bygd på dei natur- og kulturverdiane Valdres har.

MÅL

Valdres skal vera Norges sterkaste regionale merkevare i 2027

sign.

Utskrift sendt til